


# PLANINITIATIV

## Reguleringsendring for del av Stuaset – Holo II

Gnr. 178, bnr. 4 m.fl., Voss herad



### **Opplysingar om fagkunnig/plankonsulent**

Føretak: Arkoconsult AS

Kontaktperson: Mathilde Wie Smebye og Lena Lekve

E-post: mathilde@arkoconsult.no - lena@arkoconsult.no

### **Opplysingar om forslagstillar**

Kontaktperson: Are Flattun og Jan Erik Skutle

E-post: aflattum@online.no og janeskutle@gmail.com

<b>1</b>	<b>FØREMÅLET MED PLANEN (JF. FORSKRIFTA § 1, ANDRE LEDD BOKSTAV A)</b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>SKILDING AV PLANOMRÅDET OG VURDERING AV OM PLANARBEIDET VIL FÅ VERKNADER UTANFOR PLANOMRÅDET (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV B)</b> .....	<b>4</b>
2.1	SKILDING AV PLANOMRÅDET .....	4
2.2	EVT. VERKNADER UTANFOR PLANOMRÅDET .....	7
<b>3</b>	<b>TILHØVE TIL KOMMUNEPLANEN (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV G)</b> .....	<b>7</b>
3.1	KOMMUNEPLAN FOR VOSS HERAD.....	7
<b>4</b>	<b>TILHØVE TIL GJELDANDE OG EVENTUELT IGANGSETTE REGULERINGSPLANAR (JF. FORSKRIFTA § 1, ANDRE LEDD BOKSTAV G)</b> .....	<b>8</b>
4.1	REGULERINGSPLAN FOR STUASET – HOLO II .....	8
4.2	EVT. IGANGSETTE REGULERINGSPLANAR.....	10
<b>5</b>	<b>OM PLANTILTAKET (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV C)</b> .....	<b>10</b>
5.1	NY KØYREVEG TIL HYTTEFELT OG TIL UTMARK/BEITEOMRÅDE.....	10
<b>6</b>	<b>UTBYGGINGSVOLUM OG BYGGJEHØGDER (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV D)</b> .....	<b>10</b>
6.1	NY VEGTRASÉ .....	10
6.2	PARKERING .....	11
<b>7</b>	<b>FUNKSJONELLE OG MILJØMESSIGE KVALITETAR (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV E)</b> .....	<b>11</b>
7.1	OVERVATN.....	11
7.2	AVFALLSHANDTERING.....	11
7.3	GJENBRUK AV MASSAR .....	11
<b>8</b>	<b>TILTAKET SIN VERKNAD PÅ- OG TILPASSING TIL LANDSKAP OG OMGJEVNADANE (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV F)</b> .....	<b>12</b>
8.1	LANDSKAP OG OMGJEVNADER.....	12
8.2	NATURMANGFALD.....	12
8.3	GEOLOGISK GRUNNTILHØVE .....	13
8.4	KLIMA OG MILJØ .....	14
8.5	FRILUFTSLIV .....	15
8.6	KULTURVERDIAR .....	15
8.7	BARN OG UNGE SINE INTERESSER.....	15
<b>9</b>	<b>KORLEIS SAMFUNNSTRYGGLEIK SKAL IVARETAKAST, MELLOM ANNA GJENNOM Å FØREBYGGJA RISIKO OG SÅRBARHEIT (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV I)</b> .....	<b>16</b>
<b>10</b>	<b>KVA OFFENTLEGE ORGAN OG ANDRE INTERESSERTE SOM VERT BERØRT, OG SOM SKAL VARSLAST OM PLANOPPSTART (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV J)</b> .....	<b>16</b>
<b>11</b>	<b>PROSESSAR FOR SAMARBEID OG MEDVERKNAD FRÅ BERØRTE FAGMYNDE, GRUNNEIGARAR, FESTARAR, NABOAR OG ANDRE (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV K)</b> .....	<b>16</b>
<b>12</b>	<b>VURDERING AV OM PLANEN ER OMFATTA AV FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING (KUF), OG KORLEIS KRAVA I TILFELLE VIL KUNNE VERTA IVARETATT (JF. FORSKRIFTA § 1, BOKSTAV L)</b> .....	<b>16</b>
12.1	FELL PLANEN INN UNDER KUF § 6, BOKSTAV A) ELLER B) ? .....	17
12.2	FELL PLANEN INN UNDER KUF § 8, BOKSTAV A) ? GRUNNGJEVING, BASERT PÅ KRITERIA I KUF § 10. ....	17
12.3	FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING § 10.....	17
12.4	OPPSUMMERING.....	20

<b>13</b>	<b>ANNA .....</b>	<b>20</b>
13.1	EVENTUELLE HOVUDUTFORDRINGAR FOR PROSJEKTET .....	20
13.2	AKTUELLE TEMA FOR DISKUSJON PÅ OPPSTARTSMØTET .....	20
13.3	FORSLAG TIL PLANNAMN.....	20
<b>14</b>	<b>REFERANSAR .....</b>	<b>20</b>

## **1 Føremålet med planen (jf. Forskrifta § 1, andre ledd bokstav a)**

Planinitiativet gjeld ei reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for Stuaset – Holo II. Gjeldande plan regulerer hyttefelt med tilhøyrande felles tilkomstvegar, gangvegar, skutertrasè og felles parkering.

Føremålet med reguleringsendringa er å legge til rette for etablering av ny køyrbar tilkomstveg til delar av det etablerte hyttefeltet. På vinteren skal vegtraseen fungere som ski- og scootertrasé, og vegen skal såleis ikkje brøytast på vinterstid. Planområdet er i dag regulert til friluftsområdet og fritidsbustadane ligg på festetomter regulert til område for fritidsbustader.

Køyrevegen skal driftast og haldast i stand av grunneigarane samt av fritidsbustadane som skal nytta vegen, gjennom eit allereie etablert veglag. Parkering vert løyst med felles parkeringsplassar som vert lokalisert langs den nye tilkomstvegen. Det vert ikkje planlagt for stikkvegar eller avkøyrslar til nokon av hyttane.

Dagens tilkomst til område er på sommarstid via fleire etablerte gangstiar. Ny veg vil erstatte fleire stiar som slit mykje på terrenget, då dei kryssar fleire myrar. Pallar og svillar m.m. som er lagt ut ved stiane vil bli fjerna som ein del av prosjektet.

Terrenget gjer at det er svært krevjande å køyre scooter i området, og på vinteren er derfor tilkomst over Kjeatjørni. I stadig større grad er Kjeatjørni utrygt med overvatn om vinteren, slik at køyring og skigåing vert utrygt. Vegen vil altså vere ein særskilt viktig forbetring for trygg tilkomst både på ski og scooter på vinterstid. Vidare vil vegen også gje tryggleik til grunneigarar som driv med varelevering, vedlikehaldsoppdrag, tilsyn av beite og beitedyr, skoguttak m.m., både på sommaren og vinteren. Køyrbar veg vil óg vera positivt for personar med rørslehemming, då ein på denne måten legg til rette for fleire brukarar av fritidsbustadane og området kring om. Vidare vil køyrbar tilkomst til fleire av hyttene vera ein fordel ved evt. behov for tilkomst med utrykkingskøretøy.

## **2 Skildring av planområdet og vurdering av om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet (jf. Forskrifta § 1, bokstav b)**


### **2.1 Skildring av planområdet**

Planområdet, Hyttefelt Stuaset – Holo II, ligg ved Bulko i Voss herad, om lag 550 moh. i eit støls- og fjellområde nær Skamdalshorgi og Krokavatnet i sør og Grønlivatnet i vest. Planområdet går over fleire eigedomar, herunder gbnr. 178/4, 177/1-2 og 179/2. Jan-Erik Skutle, Ingrid Skutle, Knut Johan Bryn Skutle og Amalie I Mæland Juvet er eigarar av eigedomane der vegen er planlagt plassert.


Forslag til plangrense er vist i figur 1 og 2. Planområdet har eit areal på om lag 327,2 daa, og omfattar berre deler av gjeldande reguleringsplan for Stuaset – Holo II. Gjeldande plan omfattar eit svært stort området (om lag 6525,7 daa). Føremålet med endringa er å regulere ny veg i den eine delen av området. Forslag til plangrense er derfor avgrensa til det aktuelle området rundt ny veg, samt hyttane rundt vegen.

Innafor planområdet er det regulert totalt 36 fritidsbustader, medan det er opparbeidd 35 fritidsbustader. Planområdet inkluderer også ein mindre del av Byrsetvegen, men utover denne er det ikkje etablerte vegar innafor planområdet. Tilkomst til hyttane er via gangstiar.

Landskapstypen i planområdet omfattar dallandskap med ope landskap frå omkringliggende åsar, fjell og slettelandskap. Området ligg under skoggrensa, og har både skogvekst, vatn, vassdrag og våtmarker/ myr. Området der ny vegtrasé er planlagt har ikkje myr eller vatn. Området har i størst grad lauvskogvegetasjon som arealressursflate, men også noko barskog. Sjå plankart frå gjeldande reguleringsplan i figur 6. Landskapet er i stor grad påverka av menneskeleg aktivitet, ved utbygging av hyttefelt i tillegg til skog- og gardsdrift. Figur 3 og 4 viser foto frå planområdet.



Figur 1: Svart linje viser forslag til plangrensa.



Figur 2: Svart linje viser forslag til plangrense. Ortofoto er frå 2019.



Figur 3: Foto frå synfaring av planområdet.



Figur 4: Foto frå synfaring av planområdet.

## 2.2 Evt. verknader utanfor planområdet

Reguleringsendring med ny veg vil ikkje påverka området utanfor reguleringsplanen. Det er allereie køyrbar veg fram til deler av området, og det føreligg fleire felles parkeringsplassar med regulert plassering. Ny vegtrasé som forlenging av eksisterande vegnett i området, vil med dette ikkje ha reelle verknader utanfor planområdet anna enn i sjølve anleggsperioden når vegen skal etablerast.


## 3 Tilhøve til kommuneplanen (jf. forskrifta § 1, bokstav g)

### 3.1 Kommuneplan for Voss herad

I kommuneplanen for Voss herad 2020-2032 er delar av planområdet avsett til område for noverande fritidsbustadbygning. Dette gjeld i hovudsak områda kring hyttetomtene. Sjå under, område markert med oransje farge. Resten av planområdet ligg i hovudsak i område for LNF, sjå områda i grøn farge. Området der det no er planlagt ny vegtrasé ligg delvis innafor område for fritidsbustad, og delvis i område for landbruk, natur og friluftsliv. Området er likevel regulert i si heilskap i gjeldande reguleringsplan for Stuaset – Holo II.

Jamfør rettleiinga til pkt. 5.2 i føresegna til KPA Voss, bør det ikkje opnast for etablering av tilkomstveg i ettertid i område for fritidsbustader. Ved bygging av veg skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing og ein skal unngå å leggje veg nær vassdrag. Gjeldande plan regulerer allereie ein veg innafor planområdet – kalla veg 5. Den vegen er regulert med eit mindre omfang, og er med ein breidde på berre 1,2 m ikkje køyrbar for personbil. Denne vegen ligg tett på Kjeatjørni, i stadvis skråande terreng. Terrenget i området gjer at etablering av vegen vil medføre forholdsvis store inngrep med store skjeringar på begge sider av vegen, dersom den skal kunne nyttast for scooter. Formålet med planendringa er å legge til rette for ein alternativ trasé for vegen. Omfanget av vegen vil verte noko større då ein ynskjer å legge til rette for ein køyrbar veg. Ein ser samstundes

at den alternative traseen som ein no ynskjer å legge til rette for, vil vere betre tilpassa landskapet, og i større grad unngå myrområda. Avstanden mellom vegen og Kjeatjørni vil også verte mykje større. Dette er positivt, særleg med omsyn til landskap, natur og miljø nær vassdraget. Veg 5 ligg også tett på og delvis i konflikt med aktsemdsområde for flaum. Ny veg vil i stor grad følgje traseen for eksisterande høgspenteledning, og vil såleis leggast i eit allereie påverka område. Veg 5, som er regulert i gjeldande plan, vil takast ut av planen, slik at planendinga ikkje legg opp til ein vesentleg auke i regulert vegareal innafor området.



Figur 5: Utsnitt frå gjeldande kommuneplan.


## 4 Tilhøve til gjeldande og eventuelt igangsette reguleringsplanar (jf. forskrifta § 1, andre ledd bokstav g)

### 4.1 Reguleringsplan for Stuvaset – Holo II

Gjeldande reguleringsplan for Stuvaset – Holo II omfattar eit område på om lag 6525,7 daa. Gjeldande reguleringsplan har allereie innregulert fleire vegtraséar og felles parkeringsplassar i planområdet. Vidare har gjeldande plan vore oppe til handsaming for endring i høve ny vegtrasé i



det området ein no ynskjer å få inn ny veg. Det har tidlegare vore semje om eit reelt behov for ein slik veg som ein no ynskjer å implementera i gjeldande reguleringsplan. Ny vegtrasé vil liggja i eksisterande området for støl- og fritidsføremål.



Figur 6: Gjeldande reguleringsplan for Stuset – Holo II.

#### **4.2 Evt. igangsette reguleringsplanar**

Det er ikkje kjent at det er igangsett andre reguleringsplanar i området eller endringar for gjeldande plan slik som planinitiativet her legg opp til.

### **5 Om plantiltaket (jf. forskrifta § 1, bokstav c)**

#### **5.1 Ny køyreveg til hyttefelt og til utmark/beiteområde**

Som nemnt over gjeld plantiltaket etablering av ny køyreveg som tilkomst til 26 av dei 136 hyttetomtene i gjeldande reguleringsplan, samt som tilkomst til området for grunneigarane. Vegtraséen er planlagt med ei plassering langs eksisterande høgspenlinje. Denne plasseringa har i tidlegare planprosess vorte fremja som eit mogleg alternativ til plassering, jf. Referat frå meklingsmøte, frå Fylkesmannen i Hordaland, 24.04.2008. Plassering langs høgspen må avklarast med netteigar.

I tidlegare planprosess har det vore semje om eit behov for å samla all naudsynt transport i område på éin trasé. Det vart tidlegare argumentert for at ein veg ville sikra trygg vintertransport ved at ein unngår scooterkøyning på utrygg is. Vidare vil ein veg styrkja aktivitetsnivået og dermed også næringsgrunnlaget for bøndene i området. Fylkesmannen si miljøvernaving var den gong positive til bilveg, men var ikkje nøgd med plasseringa som den gong var lagt fram forslag om, jf. Referat frå meklingsmøte, frå Fylkesmannen i Hordaland, 24.04.2008. Det vart trekt fram at ein trasé langs høgspenlinja kunne vera eit mogleg alternativ. Det er dette alternativet som no vert lagt fram i nytt planinitiativ til endring av reguleringsplanen.

### **6 Utbyggingsvolum og byggjehøgder (jf. forskrifta § 1, bokstav d)**

#### **6.1 Ny vegtrasé**


Tiltaket er planlagt med eit utbyggingsvolum som vist i vedlagte planskisse. Nøyaktig volum og høgder må avklarast nærare i seinare planprosess.

Sjølve vegtraséen er i førebels skisser teikna med ei køyrebreidde på 3,5 meter. Ny køyreveg vil ta minimalt areal av det totale planområdet, og er soleis eit mindre tiltak totalt sett i gjeldande reguleringsplan.

Vidare skjer tiltaket i allereie utbygd hytteområde og vil soleis ikkje utløysa terrenginngrep i urørt natur i stor grad. Tiltaket vil elles utførast med ei god terrengtilpassing. Sjå vedlagte profildeikningar som syner vegtrasé med minimal bruk av murar og høge fjellskjæringar. Det vil i all hovudsak vera grøft, fylling og jordskjæringar, som vist i vedlagte profildeikningar.

Til samanlikning vil ny vegtrasé langs høgspenlinja utgjere langt mindre terrenginngrep enn planlagt skutertrasé, veg 5, som er regulert plassert langs Kjeatjørni. Veg 5 vil medføre langt større terrenginngrep grunna faktisk terreng i dette området. Ny vegtrasé som planinitiativet fremjar vil få ei tilpassing til eksisterande terreng, med ei naturleg stigning i tråd med terrenget.

Tiltaket vil i størst mogleg grad følgja terrenget i si utforming, og vil med dette ikkje ha bygningsmasse med høgde av betydning i terrenget. Samanlikna med eksisterande fritidsbustader i området er vegen eit mindre inngrep med tanke på utbyggingsvolum og byggjehøgder.



Figur 7: Skisse som viser ny veg. Skissa viser ikkje lokalisering og omfang av nye parkeringsplassar, men ein ser for seg at parkeringsplassane vert lokalisert langs vegen, slik at det ikkje vert behov for stikkvegar.

## 6.2 Parkering

Parkering for hytteeigarane er per i dag løyst ved felles parkeringsplassar langs Byrsetvegen. Ved etablering av ny tilkomstveg ser ein at det også er naturleg å flytte parkering tettare på dei aktuelle hyttene. Ein ynskjer derfor å leggje til rette for etablering av felles parkeringsplassar langs ny tilkomstveg. Planen skal ikkje opne for parkering på hyttetomtane. Ved å etablere felles parkeringsplassar langs ny veg unngår ein behov for stikkvegar og avkøyrslar til hyttetomtane. Ein får på denne måten redusert omfanget av tiltaka i området. Lokalisering og omfang av parkeringsplassane må avklarast ved utarbeiding av planforslaget. Det vert lagt til grunn ein parkeringsdekning på 1,5 plassar per eining, i samsvar med krava til parkering for fritidsbustader i pkt. 4.7 andre ledd i føresegna til KPA Voss.

## 7 Funksjonelle og miljømessige kvalitetar (jf. forskrifta § 1, bokstav e)

### 7.1 Overvatn

Då tiltaket gjeld ein mindre køyreveg i eit terreng som i hovudsak består av grøntområde med naturterreng og vegetasjon, vil det ikkje vera behov for utarbeiding av overvassprosjektering. Vegen vil få ei utforming som naturleg vil leda vekk overvatn vidare til grøfter og terreng.

### 7.2 Avfallshandtering

Avfallshandtering er løyst ved felles avfallsdunkar på tilviste plassar. Planendringa legg ikkje opp til endringar av avfallshandtering.

### 7.3 Gjenbruk av massar

Ved etablering av ny vegtrasé skal det takast utgangspunkt i å nytta eksisterande massar på staden. Det er planlagt å knusa stein frå sprengingsarbeidet, samt å pigga evt. storstein i terrenget og nytta dette som massar for bygging av vegen. Ein vil på denne måten nytta eksisterande stein og massar i størst mogleg grad, og vil berre tilføre ytterlegare massar ved behov. (Henta frå pristilbod v/ Johnstad Maskin).

## 8 Tiltaket sin verknad på- og tilpassing til landskap og omgjevnadane (jf. forskrifta § 1, bokstav f)

### 8.1 Landskap og omgjevnader

Landskapet i området er kupert med ei naturleg stiging frå der ny vegtrasé er planlagt å starta og oppover inn mot dei inste hyttene i dette området, mot Sponaviki ved Krokavatnet. Ny vegtrasé vert tilpassa eksisterande terreng og vil likt som terrenget ha ei naturleg stigning frå starten ved Byrsetvegen og opp mot Sponaviki.


Terrengtilpassing gjer at det vil vera lite bruk av murar og høge skjæringar. Sjå vedlagte vegprofilar som i hovudsak syner ein vegtrasé med grøfter og mindre jordskjæringar.

Vegen vil erstatte fleire stiar som slit mykje på terrenget, då dei kryssar fleire myrar. Pallar og sviller m.m. som er lagt ut ved dei etablerte stiane, vil verte fjerna som ein del av prosjektet.

### 8.2 Naturmangfald

Det er registrert hot spot-område for trua ansvarsrett av lav i området nært til der ny vegtrasé er planlagt, jf. miljøstatus.no. Denne kartlegginga syner eit område med størst sannsyn for å finna denne type lavart, det er ikkje kartlagt konkrete funn. Det kan bli naudsynt med ytterlegare kartlegging i ein vidare planprosess.

Delar av området der ny vegtrasé er planlagt plassert, er vist som produktiv skog i gardskart.nibio.no.



Figur 8: Utklipp frå gardskart.nibio.no 31.11.23.

Det er registrert ein observasjon av den truga fuglearten granmeis innafor planområdet, jf. Artsdatabanken sine kart. Granmeis er registrert som sårbar (VU) i raudlista. Observasjonen vart


gjort i 2009, og observasjonen er registrert tett opp mot plangrensa, utanfor områda som vert omfatta av ny veg. Det er også registrert fleire observasjonar av granmeis i nærområda rundt planområdet. Utover dette er det ikkje registrert truga artar innafør eller tett opp mot planområdet.

Det er elles ikkje registrert utvalde naturtypar, prioriterte artar eller verdifulle/ utvalde kulturlandskap innafør planområdet. Det er heller ikkje verneområde, nærområde til verneområde eller inngrepsfrie naturområde innafør planområdet.

### 8.3 Geologisk grunntilhøve


Usikkert om det er gjort geologisk arbeid i høve utarbeiding av eksisterande plan. Kartdata viser kvartsskifer og granittisk gneis som hovudbergart.

Det er registrert ei aktsemdssone for steinsprang delvis tett på eksisterande høgspenlinje, der ny vegtrasé er tenkt plassert. Vidare ligg delar av området også innafør aktsemdssone for snøskred.




Figur 9: Utklipp frå atlas.nve.no, 15.12.23.

### SnoskredAktksomhet

 S2\_snoskred\_m\_skogeffekt\_Aktksomhetsomrade

### Steinsprang

 Utlosningsomrade

 Utlopsomrade

### Jord- og Flomskred


 Potensielt\_Jord-Flomskredfare

## 8.4 Klima og miljø

Det er ikkje kartlagt forureina grunn i planområdet. Planarbeidet legg heller ikkje opp til forureinande aktivitet eller verksemd.

Det er ingen støykjelder av betydning verken i planområdet eller i området rundt.


Det er registrert aktsemdssone for flaum i vassdraget mellom Grønlivatnet og Kjeatjørni. Deler av vassdraget går langs med eksisterande veg i planområdet, Bulkovegen og Byrsetvegen. Ny vegtrasé er planlagt med avkøyrslé frå eksisterande veg der deler av vassdraget går langs.



Figur 10: Utklipp frå kart.naturbase.no.

## 8.5 Friluftsliv

Heile området er registrert som eit viktig friluftsområde i miljostatus.no. Området er kartlagt og verdsett etter metodikken i Miljødirektoratet sin vegleiar M98-2013. Området er definert som viktig for ålmenta sitt friluftsliv.



Figur 11: Kartutsnitt frå kart.naturbase.no som viser registrerte friluftsområde. Planområdet ligg innafør området Bulko-Grønlivatnet, som er registrert som eit svært viktig friluftsområde.

Planområdet er stort og heile området er eit ope friluftsområde. Ny veg vil gi ein god start på gåturen/skituren for både fritidsbustader i området, og for dagsturistar, til flotte turområde rundt Krokavatnet, opp mot Nesheimshorgi, fleire stølsområde m.m. Ny vegtrasé vil leggja til rette for skigåing på sikkert og stabilt underlag på vinterstid. Vidare vil vegen vera fin til turgåing sommarhalvåret. Ein unngår med dette opptrekking av stiar i terrenget, og vegen bidreg til ein sikker turtrasé i eit elles ulendt terreng. Tiltaket vil totalt sett vera eit positivt bidrag til friluftsliv i området.

## 8.6 Kulturverdiar

Det er ikkje registrert kulturverdiar i planområdet.

## 8.7 Barn og unge sine interesser

Det er ingen registreringar frå barne- eller ungdomsaktivitet i planområdet. Planområdet ligg som nemnt i eit stølsområde høgt til fjells, som i heilskap er eit større friluftsområde nytta av både unge og eldre. Tiltaket påverkar ingen eksisterande interesser i denne samanheng.

## **9 Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, mellom anna gjennom å førebyggja risiko og sårbarheit (jf. forskrifta § 1, bokstav i)**

I tråd med Plan- og bygningslova § 4-3 skal det ved utarbeiding av planar utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Ein slik analyse skal gjera greie for alle tilhøve kring risiko og sårbarheit som kan ha betydning for om arealet er eigna for utbyggingsføremålet, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. Ein slik analyse vil ta for seg til dømes natur og miljø, menneskelege tilhøve og sårbarheit knytt til infrastruktur og transport. ROS-analyse vert utarbeidd i samband med seinare planarbeid.

## **10 Kva offentlege organ og andre interesserte som vert berørt, og som skal varslast om planoppstart (jf. forskrifta § 1, bokstav j)**

Ein kan på noverande tidspunkt ikkje sjå at planen rårar ved vesentlege interesser.

Oppstart av planarbeidet vert varsla til følgjande offentlege organ og andre interesserte:

- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltar i Vestland
- BKK nett/ Voss energi (Eigar av høgspennnett)
- NVE
- Miljødirektoratet
- Grunneigarar i planområdet
- Hytteeigarar i planområdet
- Naboar til planområdet
- Evt. andre

## **11 Prosessar for samarbeid og medverknad frå berørte fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre (jf. forskrifta § 1, bokstav k)**

Det skal leggast til rette for medverknad i samsvar med plan- og bygningslova § 5-1. Aktuelle naboar og rørte fagmynde, grunneigarar, festarar og andre vert nabovarsla ved oppstart av planarbeidet. Dersom det føreligg merknader innan oppstart vert desse kommentert i eige skjema som vert sendt til heradet. Eventuelle merknader frå fagmynde vert også tekne med i vidare planprosess om dei er relevante. Planarbeidet vert varsla i lokalavisa og alle som ynskjer har med dette høve til å koma med innspel.

## **12 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing (KUF), og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivare tatt (jf. forskrifta § 1, bokstav l)**

Føremålet med ei konsekvensutgreiing er å klargjera konsekvensar av planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. §§ 6-8 i Forskrift om konsekvensutgreiing presiserer dei spesifikke planar og tiltak som krev ei konsekvensutgreiing.



### 12.1 Fell planen inn under KUF § 6, bokstav a) eller b) ?

Etter KUF § 6 skal følgende planar og tiltak alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:

- a. *kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*
- b. *reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- c. *tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.*

Bokstav a og c er ikkje gjeldande for denne planendringa. Etter KUF § 6, bokstav b, skal reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Planendringa fell ikkje under ordlyden i nokre av punkta i vedlegg I, og skal såleis ikkje konsekvensutgreiast etter § 6 i forskrifta.

### 12.2 Fell planen inn under KUF § 8, bokstav a) ? Grunngeving, basert på kriteri i KUF § 10.

Etter KUF § 8 skal følgende planar og tiltak konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding:

- a. *reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*

Bygging av veg er nemnt i vedlegg II, pkt. 10, bokstav e. Vidare er utviding eller endring av tiltak nemnt i vedlegg I og vedlegg II, som kan få vesentlege verknader, nemnt som eit eige punkt i vedlegg II, pkt. 13.

Reguleringsplanar for tiltak som nemnt i forskrifta vedlegg II skal vurderast nærare etter forskrifta § 10, for å avgjera om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Dersom planen kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteri gitt i § 10, skal planen konsekvensutgreiast.

### 12.3 Forskrift om konsekvensutgreiing § 10.

I § 10, fyrste ledd, går det fram at det i vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal det sjåast hen til eigenskapar ved planen eller tiltaket, jf. andre ledd og planen eller tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadane, jf. tredje ledd. Det skal også i naudsynt grad sjåast hen til eigenskapar ved verknader nemnt i fjerde ledd.

*Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:*

- a. *størrelse, planområde og utforming*
- b. *bruken av naturressurser, særleg arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser*
- c. *avfallsproduksjon og utslipp*
- d. *risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.*

Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:

- a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven
- b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv
- c. statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.
- d. større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet
- e. økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet
- f. konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning
- g. vesentlig forurensning eller klimagassutslipp
- h. risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.

I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.

Det er nytta nasjonale register og andre kjelder for innhenting av kunnskap og informasjon på dette stadiet av planarbeidet. Kriteria i forskrifta er vurdert etter beste skjønn. Vurderinga etter kriteria i § 10 er svart ut under:

2.ledd: Eigenskap ved planen eller tiltaka omfattar:

- a. Storleik, planområde og utforming  
*Plankonsulent si vurdering av samla tiltak: Ingen særskilte utfordringar.*  
*Konklusjon: Ingen vesentlege verknader på miljø eller samfunn.*
- b. Bruken av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar  
*Plankonsulent si vurdering av samla tiltak: Delar av planområdet der vegen er tenkt plassert er kartlagt som produktiv skog. Eit lite området der vegen er tenkt plassert er vist som LNF i overordna plan. Ein ny veg vil vera positivt for tilgang til skogområde og uthenting av skog mm.*  
*Konklusjon: Ingen vesentlege verknader på miljø eller samfunn.*
- c. Avfallsproduksjon og utslepp  
*Plankonsulent si vurdering av samla tiltak: Vert ivareteke i byggefase.*  
*Konklusjon: Ingen vesentlege verknader på miljø eller samfunn.*
- d. Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

*Plankonsulent si vurdering av samla tiltak: Ingen kjende farar. HMS-tiltak under byggeperioden må takast i vare av dei enkelte prosjekterande og utførande føretaka. Vidare vurderingar vil gjerast i ROS-analyse som vert gjennomført i planen.*

*Konklusjon: Ingen vesentlege verknader på miljø eller samfunn.*

3.ledd: Lokalisering og verknaden på omgjevnaden omfattar ei vurdering av om planen kjem i konflikt med:

- a. Verneområde etter naturmangfaldlova (...), utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kap. VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar, laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.

*Plankonsulent si vurdering: Ingen kjende konflikhtar.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- b. Trua artar, naturtypar, verdifulle landskap, kulturminne og -miljø, viktige mineralressursar, betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og område særleg viktig for friluftsliv.

*Plankonsulent si vurdering: Hot spot-område for trua ansvarsrett av lav i området nært til der ny vegtrasé er planlagt. Det er gjort ein registrering av granmeis innafor planområdet, i 2009. Observasjonen er ikkje registrert i området kor ny veg vert lokalisert. Utover den eine observasjonen av granmeis er det ikkje registrert truga naturmangfald innafor planområdet, og per no kjenner ein ikkje til konflikt mellom omsynet til naturmangfald og etablering av ny veg.*

*Konklusjon: Ingen kjend konflikt.*

- c. Statlege planretningslinjer eller statlege/ regionale planbestemmelsar etter PBL 2008, eller rikspolitiske bestemmelsar/ retningslinjer etter PBL 1985.

*Plankonsulent si vurdering: Ingen kjende konflikhtar.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- d. Større omdisponering av område sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål (...)

*Plankonsulent si vurdering: Mindre delar av vegen kjem innafor område sett av til LNF i KPA. Omdisponeringa ein no legg opp til er av eit mindre omfang, og omfattar ikkje areal som nyttast til landsbruksformål. I skissene som er laga for vegen ligg om lag 730 m<sup>2</sup> i område sett av til LNF i KPA. Til samanlikning ligg nesten 2000 m<sup>2</sup> av veg 5 regulert i gjeldande plan innafor område sett av til LNF. Me vurderer at kravet om KU ikkje vert utløyst.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- e. Auka belastning i område der fastsette miljøstandardar er overskride.

*Plankonsulent si vurdering: Tiltaket medfører ingen auka belastning ettersom det er dei same hyttebrukarane som brukar eksisterande vegnett som også skal nytte ny veg.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- f. Konsekvensar for folkets helse, for eksempel som følgje av vatn- eller luftforureining.

*Plankonsulent si vurdering: Støy, støv og evt. utslepp under bygginga vert handtert i byggeplanfase iht. Interne og eksterne krav.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- g. Vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

*Plankonsulent si vurdering: Som bokstav f. Ingen vesentlege tilhøve.*

*Konklusjon: Ingen konflikt.*

- h. Risiko for alvorlege ulykke som følgje av naturfare som ras, skred eller flaum.

*Plankonsulent si vurdering: Delar av området ligg innafør aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. Karta viser berre aktsemdsområde, og reell skredfare er ikkje avklart. Planendringa legg berre til rette for etablering av ny veg innafør eit allereie etablert hyttefelt. Det er etablert fleire hytter innafør aktsemdsområda, men planendringa skal ikkje legge til rette for nye tiltak for varig opphald innafør aktsemdsområda.*

*Konklusjon: Potensiell konflikt. Det må i det vidare planarbeidet avklarast om det er behov for utgreiing av reell skredfare. Per no vurderast ikkje krav om KU som utløyst som følgje av etablering av veg i aktsemdsområde.*

#### **12.4 Oppsummering.**

Som plankonsulent vurderer Arkoconsult at planendringa, med dei tiltaka som er planlagde, ikkje får vesentlege verknader på miljø eller samfunn. Konsekvensutgreiing er såleis ikkje naudsynt, heller ikkje planprogram.

### **13 Anna**

#### **13.1 Eventuelle hovudutfordringar for prosjektet**

Ingen vesentlege utfordringar er kjend ved dette stadiet av planarbeidet.

#### **13.2 Aktuelle tema for diskusjon på oppstartsmøtet**

Plankonsulent ynskjer å diskutere avgrensinga av planområdet i oppstartsmøte. Forslag til plangrense er vist i planinitiativet.

Ein ynskjer også kommunen si vurdering av behovet for utgreiingar i samband med planarbeidet.

#### **13.3 Forslag til plannamn**

Reguleringsendring for del av Stuaset – Holo II.

### **14 Referansar**

- [Kilden.nibio.no](http://Kilden.nibio.no)
- [Gardskart.nibio.no](http://Gardskart.nibio.no)
- [Miljostatus.no](http://Miljostatus.no)
- [Artskart.artsdatabanken.no](http://Artskart.artsdatabanken.no)
- [Kommunekart.com](http://Kommunekart.com)
- [Temakart.nve.no](http://Temakart.nve.no)
- [Kart.naturbase.no](http://Kart.naturbase.no)
- [Geo.ngu.no](http://Geo.ngu.no)

- Støykart Statens vegvesen:  
<https://www.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=805f97e2d6694f45beca4b7a7c59acec>
- Forskrift om konsekvensutgreiing:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>